

MELD DEG PÅ I DAG!

For å melda deg på, kan du anten:

- 1) senda eit e-brev til smin-styret@stud.ntnu.no
- 2) ringja 92 42 62 95 (Ingvild)
- 3) senda inn inn slippen under.

Dei fem fyrste som melder seg på får kvar si songbok, so her gjeld det å vera tidleg ute!

Ja! Eg vil på studentsamling.

NMU
dekkjer
porto

Namn:

Adresse:

Postnummer og -stad:

Fødeår: Telefon:

E-post:

Syarsendingsavtale
171 210 / 4 omd.

NORSK MÅLUNGDOM
Sentrum
0109 OSLO

20.-22. september - Nidaros

STUDENT- SAMLING

NORSK PÅ UNIVERSITETA
INTEGRERING
DIALEKTAR I NORSKE FILMAR
AUST-TIMOR

20.-22. september er det endeleg mål ungdomssamling for studentar att! Denne gongen er det Studentmållaget i Nidaros som skipar til studentsamlinga, og sjølv sagt går då samlinga føre seg i Nidaros.

Du har kanskje sett nokre vakre bilete på fjernsynet ditt denne sumaren frå den idylliske byen vår. No har du sjansen til å sjå byen på nært hald. Prisen for heile samlinga, inkludert reise, mat og opphald, er 150 kroner.

Samlinga byrjar fredag 20. september med ein kulturkveld på ute-staden Posepiltan. Der kjem Carl Frode Tiller for å lesa frå den prisløna boka si, *Skråninga*. Etterpå vert det høve til å stilla forfattaren spørsmål. Elles vert det noko musikk, og so vert det sjølv sagt høve til å sitja og slarva med nye og gamle kjenningar.

Resten av samlinga skal vera på ei hytte på Lian. Programmet for samlinga kan du sjå på sida ved sida av. I staden for å hasta oss gjennom mange tema, kjem me til å leggja opp samlinga slik at me får god tid til refleksjon og ordskifte. Ser deg i Nidaros!



Program for samlinga

Laurdag:

11.00 Aust-Timor

Noralv Pedersen fortel om soga åt, framveksten av og skipinga av den aust-timoresiske staten.

14.30 Fleirkulturelt mangfald i ei «ny» tid

Kvifor er det so vanskeleg å ordskiftast om integrering, flyktningar og innvandrarar utan å anten ty til tomme flosklar eller å hamna i same båsen som Carl I Hagen? Kva bør NMU meina om emnet?

19.00 Dialektar i norske filmar

Kvifor pratar skurkane dialekt når heltane pratar bokmål? Marit Tennø, hovudfagsstudent i filmvitenskap, har studert bruken av dialekt i norske spelefilm.

Sundag:

11.00 Framtida til norsk som akademisk språk

Engelsk vert meir og meir nytta som forskingsspråk på norske universitet, og på nokre fag har dei byrja førelesa på engelsk for norske studentar. Trond Andresen kjem på samlinga og pratar om framtida til norsk som akademisk språk. Tarjei Vågstøl frå NMU kjem og pratar om kva me i studentmålлага kan gjera for å betra stoda.